

Plan Områdeplan for Ostereidet
 Sakshandsamar Kristin Nielsen

planID 1263-201802
 arkivID 14/1855

Intern høyringsfrist / Meld attende – Innan måndag 5.08.2019

Samordning og tidlegare involvering

Lindås kommune søker stadig å leggje til rette for ein betre og meir samordna flyt for gjennomføringa av prosessarbeid. Nokon av dykk har moglegvis allerie vore involvert i den førebuandene oppstartsfasen av planarbeidet, men no er plandokumenta levert samla for handsaming. Det er teneleg for den vidare handsaming og seinare gjennomføring med ei samordna vurdering av planmateriale no.

Denne plansaken – kortversjon

Planområdet strekker seg frå senterområdet på Ostereidet i vest til skule- og idrettsområdet i aust. Planen har som føremål å leggje til rette for ny idrettshall med tilhøyrande parkering, utviding av sentrumsområdet med handel, bustader og parkering, bustader sør- og sørvest for sentrumsområdet og å sikre ei god kopling for mjuke trafikantar mellom sentrum- og skule-/idrettsområdet. Det er ikkje lagt opp til nye byggjeområdet utover det som ligg inne i kommuneplanen.

Plandokumenta er å finne via denne lenka:

Plantema

Dei ulike fagområda i kommunen har ulike blikk til planarbeid. Dei mest vanleg er kort skildra. Finn dykk opplagte manglar eller spørsmål er det ofte dei viktigaste å fange opp!!

Byggesak <ul style="list-style-type: none"> • Utnytting • Føresegner • Tilhøve som kan skape problem i byggesaka 	Landbruk <ul style="list-style-type: none"> • Dyrka mark • Landbruksveggar • Behov for landbruket i området? 	Veg <ul style="list-style-type: none"> • Trafikktryggleik • Teknisk utforming av veg/kryss • Utbyggingsavtale?
Vatn og avlaup <ul style="list-style-type: none"> • Kommunale anlegg • Tilkopling til kommunalt? • Oversikt eksisterande anlegg • Utbyggingsavtale? 	Barnas representant <ul style="list-style-type: none"> • Leikeareal • ferdseveggar 	Skule/Barnehage/Oppvekst <ul style="list-style-type: none"> • Skulekapasitet • Skuleveg • Skuletransport • Barnehagekapasitet
Kommuneoverlege <ul style="list-style-type: none"> • Folkehelse? 	Levekår <ul style="list-style-type: none"> • Folkehelse? 	Helse og omsorg <ul style="list-style-type: none"> • Folkehelse?
Beredskap <ul style="list-style-type: none"> • ROS-analyse • Tilkomst utrykning 	Eigedom <ul style="list-style-type: none"> • Vurdering kommunale behov i planområdet, treng kommunen å legge av bustader? 	Miljøretta helsevern <ul style="list-style-type: none"> • Støy • Andre relevante tilhøve
Kultur <ul style="list-style-type: none"> • Kulturminne • Kulturmiljø • Offentlege rom (?) 	Geodata <ul style="list-style-type: none"> • Sosikontroll • Kontroll PDF-kart mot sosi • Grenser/eigartilhøve 	Etat for utbyggingsavtaler <ul style="list-style-type: none"> • Behov for utbyggingsavtale?

--	--	--

Internt høyrings skjema reguleringsplanar

Plannamn	Områdeplan for Ostereidet	planID	1263-201802
Sakshandsamar	Kristin Nielsen	arkivID	14/1855

Intern høyringsfrist: 29.04.2019

Generell tilbakemelding:

Positivt med samferdselsanlegg ved skuleanlegg.

Plankart:

Det bør regulerast snuareal/snuhammar i enden av f_SKV8, snuplass for bossbil, brøytebil med høve for «snøopplagring». Er det 2 stk snuhammer som er regulert ned mot bustadområdet langs med f_SKV8?

Ser at det ikkje er regulert inn breidare veg med fortau langs o_SKV9. Er det særskildt grunn for det? Sjølv om det ikkje vert lagt inn rekkefølgekrav om breidare veg her, meiner vegavdelinga at dette må takast hensyn til i samband med reguleringa. Denne vegen har eit stort behov hov for betre vegutforming (ÅDT 620 pr. september 2018). Forventa auke ved bygging av ny fleirbrukshall.

Vedr tekniske vegteikningar og illustrasjonsplan: frå gangfelt i start av veg 10000 mangler det fortau på illustrasjonsplan på eine sida.

Fv393 Veg 10000 pel 200 – 500 ; Vegavd meiner 4 m vegbreidde er for smal med berre ein møteplass.

Føresegner:

4.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

4.2.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Forslag til endring i punkt a)

Opparbeiding av offentlege gater og vegar skal skje med bakgrunn i detaljerte tekniske planar, godkjent av kommunal eller statleg vegmynde. *Gjeldande utgåve av vegnormal N100 og veileiande vegnorm for Lindås/Alver kommune skal liggje til grunn for planlegginga.*

4.2.10 Kombinerte formål for samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear (SKF)

a) Området SKF1skal nyttast til kombinert køyreveg og kollektivhaldeplass

b) Området SKF2skal nyttast til kombinert køyreveg og bensinpumpe

Kva skal ein med bensinpumpe på SKF2 ved skulane?

Saknar at det vert sett av areal i plan til alternativ til fosilt brennstoff, eksempelvis ladestasjonar.

--

Planskildring / rapportar:

Planomtale: Dårleg nynorsk språkbruk.

Eventuelt:

--